



Modalen Pensjonat As
Modalen 324
5729 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/53 - 22/1888

Saksbehandlar:
Aina Holmås Norvoll
aina.holmas@modalen.kommune.no

Dato:
12.09.2022

Melding om delegert vedtak - Søknad om einskildløyve

Delegasjonssak nr.: 007/2022

Viser til din søknad om skjenkeløyve datert 18.08.2022.

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret, vert det gjeve skjenkeløyve i eit einskild høve til Modalen pensjonat laurdag 01.10.2022 i samband med skalldyraften.

- a) Løyvehavar er Modalen Pensjonat As
- b) Styrar for løyvet er Bjørn Eikefet.
- c) Skjenketida for øl og vin vert sett til kl. 20:00 – 02:00.
- d) Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt.
- e) Løyvet gjeld innomhus i Modalen pensjonat og den gamle skulestova.
- f) Utskjenka alkohol skal ikkje takast med utomhus.
- g) Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde.
- h) Aldersgrense 18 år.
- i) Det skal vere tilgong til alkoholfri drikke.

Kommunen har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Sakshandsamar Aina Holmås Norvoll.

Med helsing

Aina Holmås Norvoll

Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Nils Heradstveit

Heradstveitvegen 5620
222

Tørvikbygd

Mottakere:

Modalen Pensjonat As

Modalen 324

5729

Modalen